



MØTEBOK

Møte: 1-2021
Møtedato: Onsdag 27.01.2021
Møtestad: Kommunestyresalen
Tid: 18.00

Desse møtte:

John Olav Habbestad, Kjersti Mæland, Heidi Vold Ådnanes, Elisabeth Bjørnevik, Odd Ingvar Nilssen, Trygve Totland, Elin Taranger, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad og Trygve Leigland.

John Olav Habbestad leia møtet. Heidi V. Ådnanes hadde ord for kvelden.

2021-01-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommentar: Rett namn på sak 2021-01-02 skal vera Godkjenning av møtebok 5-2020, ikkje 4-2020
Innkalling og saksliste godkjent.

2021-01-02 MØTEBOK

Møtebok 5-2020 godkjent.

2021-01-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Korona

Det vart orientert om dei stadige restriksjonsendringane ein må forhalda seg til og korleis dette spelar inn på gudstenestegjennomføring, planlegging, arbeidskvardag osv. Det vart stilt spørsmål knytt til vidare planar for produksjonar og gudstenester, og det vart gjeven ei forklaring på tekniske utfordringar som ein også står overfor i denne samanhengen.

2. Personale

Det vart orientert om den pressa situasjonen som administrasjonen står i som følgje av sjukemeldt konsulent.

3. Søknad om partnerkyrkjelyd i Polen.

Det vart orientert om informasjon gjeven av kyrkjelydspedagog Marta Havn til kyrkjeverje med ynskje om å inngå «parterskap» med kyrkjelyd i Polen. Dette for å styrke deira søknadsprosess på prosjektmidlar knytt til arbeid retta mot rettferd, miljø og bistand. Det vart forklart at dette ikkje skulle ha økonomiske konsekvensar for felles- eller sokneråd, og at det hovudsakleg handla om erfaringsdeling.

Fellesrådet var skeptisk til dette og ynskje meir informasjon, og at dette skulle takast opp som ei eiga sak.

2021-01-04 MØTEPLAN 2021

Våren 2021	Hausten 2021
- 27. januar	- 1. september
- 24. mars	- 27. oktober
- 26. mai	- 8. desember

2021-01-05 VAL AV LEIAR**Vedtak:**

Leiár: John Olav Habbestad

Nestleiar: Elisabeth Bjørnevik

2021-01-06 FORELØPIG REKNESKAP 2020

Det vart gjeve ei orientering om ein del tal og forhold som gir forklaringa på kvifor ein for 2020 kjem ut med eit stor overskot. Hovudforklaringa ligg under pensjon og arbeidsgivaravgift. Nokre feil i saksutgreiinga vart presisert.

Det vart stilt spørsmål og gitt svar til nokre av tala i rekneskapen.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd tek foreløpig rekneskap til vitande.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å føre heilt overskotet for 2020 til ubundne driftsfond. Ettersom rekneskapen ikkje er heilt klart, vert dette ikkje talfesta i vedtaket.

2021-01-07 BUDSJETT 2021

Det vart teke ei gjennomgang av budsjettet for 2021. Nokre utfordringar står ein overfor som kutt i kommunale tilskot, etterslep på lønnsoppgjer i 2020 m.m. Det vart også gjeve forklaring på kvifor ein likevel er godt stilt for 2021 grunna driftsfond.

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med Budsjett 2021 med ei totalramme på kr 14.796.000 inkl. finansielle utgifter og inntekter.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek bruk av ubundne fond.
3. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande investeringsbudsjett.

Revidert budsjettforslag 2021 - 2024	2021	2022	2023	2024	Total ramme
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard	3450				7000
Utviding av Fagervoll	2000	2050			4500
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje		2000	650		4650
Planlegging av gravplassutviding på Moster		350	3250	100	4600
Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje			1500		1500
Kyrkjelydshus /kyrkjestove knytt til Bremnes kyrkje			350	1300	3350
Utviding av Bremnes kyrkjegrad				200	-
*Opparbeiding av minnelundar	400				
Sum	*5 850	4 400	5 750	1 500	

* Fellesrådet vedtek ei intensivering av arbeidet med opparbeiding av minnelundar av ubrukte, disponible investeringsmidlar. Jfr. vedtak sak 2020-05-04 pkt. 3 og 4.

Bremnes, den 17. januar 2020

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje